



Delta i debatten,
skriv til oss!



Send ditt innlegg til: debatt@nationen.no
Innlegg kan også sendes per post til Nationen, Postboks 9390 Grønland, 0135 Oslo. Merk konvolutten «debatt». Innlegg som sendes elektronisk blir prioritert.

Tekstlengder:

Kronikk: Maks 5000 tegn med mellomrom.
Leserinlegg: Maks 2000 tegn med mellomrom

Kan bestille kronikker honoreres. Redaksjonen forbeholder seg retten til å redigere og forkorte innsendt stoff og til å publisere det elektronisk.

KRONIKK



Sau: Økøbønder må ikke gje opp satsinga på sau, skriv kronikkforfattaren.

FOTO: MARIANN TVEITE

Ingen grunn til å gje opp økosauen

I haust lag det ca 1900 tonn sauekjøtt på lager, og det var forventa eit ytterlegare overskott på 1700 tonn denne sesongen. I denne situasjonen vert investeringsmidlar prioritert til store, nye sauefjøs.

Samtidig går det ein debatt om kva som er berekna matproduksjon og kosthald, både når det gjeld miljø og klima og helse. Og det går ein debatt om korleis vi skal definere sjølforsyningsgraden vår. Mange stader går tildelgare fulldyrka areal går ut av drift og vert liggjande brakk og gro-igjen, fordi det ikkje er økonomisk lønsamt å drive marginale areal, verken for grunneigaren eller ein leigetakar med garden langt unna. Krattfôrprosenten i sauehaldet er på minst 12 % og ein stor andel er importert.

EU nekter Norge eit vidare unntak frå kravet om tett liggareal i øko-

VIKTIG

«Dersom økologisk landbruk skal ha eit fortrinn og vere ein spyspiss, må ein finne fram til dei beste løysingane for å oppfylle dyra sine naturlege behov.»

logisk saueproduksjon. Næringa seier at det vil bety at mange økologiske saueproducentar må slutte eller legge om til konvensjonell drift, og somme forskarar jublar og seier at det er bra for klima, miljø og matforsyninga i verda at økøbøndene gjev opp.

Kan meir økologisk sauehald og eit meirgrovfôrbasert konvensjonelt sauehald vera løysingar på nokre av desse utfordringane?

Det er dokumentert at tett liggareal er betre for sauen enn spaltegoly, og det er ønskeleg med endabetre plass for dyra. Dersom økologisk landbruk skal ha eit fortrinn og vere ein spyspiss, må ein finne fram til dei beste løysingane for å oppfylle dyra sine naturlege behov. Det vil vere fullt mogleg å bidra til å finne praktiske og rimelige løysingar i dei enkelte besetningane, og heller prioritere investeringssøtte til desse framfor til nye, store sauefjøs akkurat no. Særleg dersom ein skal følgje opp Stortinget sitt mål om økologisk produksjon. For nybygg bør ein berre støtte løysingar som ivaretek tilstrekkeleg tett liggareal og nok plass.

Forskning viser at tidlegare fulldyrka areal som er i ferd med å gro igjen vert teke i bruk til forlenga vârbete for sau, kan gje større

tilvekst på lamma. Beiting aukar også planteproduksjonen på arealet, slik at ein gjennom å ta i bruk denne type areal opprettheld eller aukar den norske sjølforsyningsgraden. Auka tilgang på slike areal kan kompensere for den mindre avlinga (mellom 10 og 20 %) som ein har på økologiske sauebruk og redusere kraftfôrprosenten kraftig.

Reitt dimensjonering av beiting kan bidra til auka karbonbinding i jorda og auka biologisk mangfald. Beiting kan oppretthalde og vedlikehalde kultur- og naturlandskap og sikre viktige økosystemtenester for framtida. Kjøttproduksjon på sau og storfe basert på i hovudsak norske grasressursar, framfor kjøttproduksjon basert på importert kraftfôr, er bra for verdas matforsyning og for klimaet, fordi fordi meir korn kan gå til menneskemat. Vi treng å redusere kjøttforbruket i vår del av verda. Færre vinterfôra dyr, mindre lammetap og meir beiting er bra for klimarekneskapsen.

Økologisk produksjon krev litt større areal enn konvensjonell produksjon. Med mindre bruk av importert kraftfôr og meir bruk av beite og omlegging til økologisk produksjon, vil ein redusere mengda sauekjøtt som kjem ut på marknaden. Ein vil

truleg kunne ta ut ein høgare pris for eit produkt som gjev mindre miljø- og klimabelasting og betre dyrevelferd. Økologisk produksjon som eit produksjonsregulerande tiltak kan gjennomførast utan reduserte inntekter for bøndene.

Det blir ofte sagt at norsk lammekjøttproduksjon er så nær økologisk som det går an å bli, fordi lamma berre har gått på fjellbeite og ikkje har vorte «utsett» verken for sprøytemiddel eller kunstgjødsel. Vurderer ein hele sauedriften frå jordarbeiding, gjødsling, hausting av fôr, oppstalling av dyra og fôring stemmer ikkje dette. Store deler av vår sauekjøttproduksjon ferner seg stadig meir frå grunnleggjande økologiske prinsipp om bruk av lokale ressursar og kretsløpstankegang og om varsemd for ikkje å forstyrre økosystema. Forbrukarane ønsker auka vektlegging av dyrevelferd, miljø og kortreiste produkt, med kjennskap til produkt og gode historier om framgang om kvar maten kjem frå. Ein innsats for økologisk sauekjøttproduksjon og meir grovfôrbasert konvensjonelt sauehald vil vere eit godt grep.

Kristin Sørheim
Forskar ved Norsk sentral for økologisk landbruk

NETT

Sagt på nationen.no

Venter 5000 tonn på lager

» Vi kan ikke ha så mange rovdyr i Norge at våre bønder må slutte med dyrehold. At ulv og andre rovdyr skal ha bedre vern enn husdyrene til bonden, dette er desverre tragisk for alt som heter støtte til norske bønder som driver med sommerbeitende dyr.

Bjørn Halvor Enciso Kvilhaug

Gift i økologiske egg

» Hverken fiskemel eller økologisk landbruk er problemet, det er miljøforurensning som fører til at giftstoffer havner til sjuende og sist i maten våres.

René Cortis

Gift: Det er funnet giftstoffer i økologiske egg.

FOTO: COLOURBOX

Sagt på Twitter

» E136 Lora.To kyr uten refleksvest ved veggen.

OPS GUDBRANDSDAL @OPSGUDBRANDSDAL

» Det har visst blitt stuerent å kalle kyr for kuær. Hva er neste? Spaniere i stedet for spanjoler?

CHRISTIAN WULFF @CHR_WULFF-HANSEN

» Familien til Dylan er fra Trøndelag. Bestefaren Egil Zimmermann utvandret fra Selbu og startet landbruk i Minnesota.

BLJØRN HANSEN @NICECAP

» Puggar nå svart/vidtdokumentar om skadedyr i Ukrainsk landbruk. Veit aldri kva kvismasteren i Tveitgrenn kan kome med. #quiz neste

STIG JARLE SÆTRE @REVAL04